



Arkivnr: 2015/11453-146
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland		28.09.2018

Endring i kvalitetssystemet for Fagskolen i Hordaland

Samandrag

Fagskolen arbeider med å søkje fagområdeakkreditering innan fristen 1. november 2018, og i samband med dette er sentrale dokument som systemomtale av kvalitetssystemet gjennomgått. Eitt av krava til å søkje fagområdeakkreditering er at kvalitetssystemet skal innehalde ein rutine for å utvikle nye utdanningar og å gjere vesentlege endringar av eksisterande fagskuleutdanningar innan fagområdet.

Forslag til vedtak

Revidert kvalitetssystem for Fagskolen i Hordaland vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Revidert kvalitetssystem

Fylkesrådmannen, 12.09.2018

Fagskulen arbeider med å søkje fagområdeakkreditering innan fristen 1. november 2018, og i samband med dette er sentrale dokument som systemomtale av kvalitetssystemet gjennomgått. Eitt av krava til å søkje fagområdeakkreditering er at kvalitetssystemet skal innehalde ein rutine for å utvikle nye utdanningar og å gjere vesentlege endringar av eksisterande fagskuleutdanningar innan fagområdet.

Vidare vert det vist kva endringar som er gjort i revidert versjon av kvalitetssystemet for Fagskolen i Hordaland.

Generelle endringar

- Noko tekst er endra for å vere meir lesarvenleg, men innhaldet er ikkje endra. Dette gjeld såleis mindre språklege endringar.
- Fleire stader er «Fagskolen i Hordaland» bytta ut med «fagskulen» for å gjere teksten enklare.
- Teksten er nokre stader endra slik at det står at «fagskulen skal» i staden for «fagskulen må», teksten vert opplevd som nærare skulen på denne måten ved at det er fagskulen sjølv som har bestemt at «fagskulen skal gjere slik aktivitet».
- Omgrepet opplæringsplan er endra til studieplan.

I fortsettinga vert større endringar i teksten vist.

Punkt 1. Innleiing

Innleiinga er endra noko for å gjere omtalen meir tidsuavhengig. I opphaveleg versjon var talet på utdanningar ved fagskulen nemnt, men dette er i stadig endring, og det vert derfor føreslått justert til at styret er ansvarleg for fagskulen sine NOKUT-godkjende fagskuleutdanningar.

Det er også lagt til ei setning om at kvalitetssystemet også imøtekjem krav til å søkje om fagområdeakkreditering.

Omgrepet «fagskular» er endra frå fleirtal til eintal fordi det nå er éin fagskule.

Punkt 1.1

Fyrste avsnitt er oppdatert til dagens situasjon, og i andre avsnitt i omtalen av styret vert det føreslått å vise til styrevedtektene i høve til samansetning.

Punkt 2

Følgjande informasjon er lagt til i punkt 2:

Kvalitetssystemet består av følgjande:

- Systemomtale (denne del)
- Spørjeskjema student
- Spørjeskjema lærar
- Spørjeskjema sensorar
- Spørjeskjema arbeids- og næringsliv
- Rutine for å opprette nye utdanningar/gjere vesentlege endringar ved fagområdeakkreditering

Punkt 3

Følgjande setning vert føreslått teke ut:

Felles verkøy for innsamling av informasjon om kvaliteten ved utdanningane skal vere lett tilgjengelege for fagskulane.

Setninga var gjeldande då det var fleire enn éin fagskule.

Punkt 3.1

Siste avsnitt vert føreslått endra frå:

Dokumentasjonen på praksis og kvalitet må *summerast opp og analyserast i ei kvalitetsmelding*, t.d. i ein årleg rapport frå fagskulen til styret. Ei slik kvalitetsmelding får likevel ikkje verdi for kvaliteten på ei fagskuleutdanning før den vert følgd opp med eventuelle tiltak knytt til å avdekka veikskap og styrke ved utdanninga. Tiltaka vert del av korrigererte planleggings- og styringsverktøy for utdanninga.

Til::

Dokumentasjonen på praksis og kvalitet skal *summerast opp og analyserast i ei kvalitetsmelding*, som er ein årleg rapport frå fagskulen til styret. Ei slik kvalitetsmelding får likevel ikkje verdi for kvaliteten på ei fagskuleutdanning før den vert følgd opp med eventuelle tiltak knytt til å avdekka veikskap og styrke ved utdanninga. Tiltaka vert del av korrigererte planleggings- og styringsverktøy for utdanninga.

Forslag til endring tydeleggjer kva fagskulen faktisk skal gjere, og at det ikkje berre er eit døme på kva skulen kan gjere.

Punkt 3.2

I årshjulet for kvalitetssikringsarbeidet vert det føreslått å endre omgrepet avdelingsleiarane til leiinga, fordi oppgåvene ligg til heile leiinga og ikkje berre avdelingsleiarane.

I tabellen som syner organiseringa av kvalitetsarbeidet, vert det føreslått å endre teksten om ansvarsområde for rektor/leiing og stab frå:

Drifte/utvikle verktøy for innsamling av informasjon (spørjeskjema etc.).
 Har ansvar for det daglege kvalitetsarbeidet ved fagskulen og evt. meir omfattande system ved fagskulen, og ansvar for å informere tilsette og studentar om kvalitetssikringssystemet.
 Organisere innsamling, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda ved fagskulen.
 Skal systematisk henta inn tilbakemeldingar frå aktuelle bransjar/eksterne.
 Følgje opp resultat og analyse av evalueringar i ei kvalitetsmelding til styret.
 På vegner av styret revidere studieplanane ved fagskulen på bakgrunn av tilbakemeldingar frå studentar, tilsette og arbeidsliv. Rektor meldar endringar til styret i samband med tiltaksplan.
 Legge fram forslag til forbetringstiltak og mål for neste skuleår i ein tiltaksplan.

Til:

Drifte/utvikle verktøy for innsamling av informasjon (spørjeskjema etc.).
 Ha ansvar for det daglege kvalitetsarbeidet ved fagskulen og ansvar for å informere tilsette og studentar om kvalitetssikringssystemet.
 Organisere innsamling, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda ved fagskulen.
 Skal systematisk henta inn tilbakemeldingar frå aktuelle bransjar/eksterne.
 Følgje opp resultat og analyse av evalueringar i ei kvalitetsmelding til styret.
 På vegner av styret revidere studieplanane ved fagskulen på bakgrunn av dei årlege tilbakemeldingane frå studentar, tilsette og arbeidsliv. Rektor melder endringar til styret i samband med tiltaksplan.
 Legge fram forslag til forbetringstiltak og mål for neste skuleår i ein mål- og tiltaksplan.

I tabellen vert også tekst om undervisningspersonalet sitt ansvar føreslått endra frå:

Har det daglege ansvaret for å følgje opp kvalitetssikrings-systemet for Fagskolen i Hordaland og evt. meir omfattande system ved fagskulen og sørgje for kvalitet i eige arbeid.
 Skal gi ei skriftleg framstilling av eiga vurdering av utdanninga (spørjeskjema).

Til:

Ha det daglege ansvaret for å følgje opp kvalitetssikringsarbeidet i undervisninga og sørgje for kvalitet i eige arbeid.
Skal gi ei skriftleg framstilling av eiga vurdering av utdanninga (spørjeskjema).

Endringa presiserer at det i hovudsak er kvalitetssikringsarbeidet ved skulen, og ikkje sjølve systemet, personalet skal følgje opp.

I omtalen av kva næringslivet/eksterne skal gjere, er det lagt til at dei skal svare på den årlege spørjeundersøkinga som vert sendt ut. Ein kan sjølvsagt ikkje krevje at dei svarar, men det er ønskjeleg.

Punkt 4.2

Siste avsnitt vert føreslått endra for å vere oppdatert i høve til endringane i fagskulelova frå:

Spørjeskjema som eit talerør for studentane si vurdering av utdanningstilboda er knytt til kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland, medan fagskulen sin plikt til å leggje til rette for oppretting av studentorgan for å ivareta studentane sine interesser og samarbeid med leiinga er ein del av utdanningane si styringsordning og reglement, jf. Fagskulelova § 4.

Til:

Spørjeskjema som eit talerør for studentane si vurdering av utdanningstilboda er knytt til kvalitetssikringssystemet for Fagskolen i Hordaland jf. § 4 i fagskulelova. Fagskulen si plikt til å leggje til rette for oppretting av studentorgan for å ivareta studentane sine interesser og samarbeid med leiinga er ein del av utdanningane si styringsordning og forskrift, jf. fagskulelova § 14.

Punkt 4.6

Andre avsnitt vert føreslått endra frå:

I kvalitetsmeldinga skal leiinga ved fagskulen foreta ei overordna vurdering av kvaliteten i utdanningstilbodet. Dersom fagskulen har fleire utdanningstilbod må den samla framstillinga bygge på dokumenta frå det ein skilde utdanningstilbodet. I rapporten er det viktig å synleggjere informasjonskjeldene, identifisere mogleg kvalitetssvikt/problem, skissere grunngeve framlegg om tiltak og plassere ansvar for oppfølging. Det er også viktig å synleggjere god kvalitet.

Til:

I kvalitetsmeldinga skal leiinga ved fagskulen foreta ei overordna vurdering av kvaliteten i utdanningstilbodet. Fagskulen har fleire utdanningstilbod, og den samla framstillinga skal bygge på dokumenta frå alle utdanningane. I rapporten er det viktig å synleggjere informasjonskjeldene, identifisere mogleg kvalitetssvikt/problem, skissere grunngeve framlegg om tiltak og plassere ansvar for oppfølging. Det er også viktig å synleggjere god kvalitet.

Punkt 4.7

Heile punktet vert føreslått endra frå:

Arbeidet med kvalitetssikring skal vere eit verktøy for kvalitetsutvikling ved fagskulen. Styret v/sekretariatet skal derfor ha minst eitt møte med fagskulen kort tid etter at kvalitetsmeldinga er handsama i styret. På skulebesøket vil oppfølging av fagskulen sin kvalitetsmelding stå i fokus. Møtet skal som hovudregel finne stad på fagskulen. Målsetjinga med skulebesøket er:

- å styrke kvaliteten på fagskuleutdanningane i fylket gjennom tett dialog og samarbeid mellom styret og fagskulen.
- støtte fagskulen i arbeidet med kvalitetssikring av fagskuleutdanningane ved fagskulen.
- gi styret informasjon og kunnskap om kvaliteten på fagskuleutdanningane ved fagskulen.

Styret v/sekretariatet har ansvar for å organisere skulebesøket. Skulebesøket skal vere førebudd og avtalt med omsyn til tidspunkt, kven som skal delta og kva som skal vere innhaldet (tema/område). På skulebesøket ønskjer styret/sekretariatet å treffe leiinga ved skulen samt representantar for studentar og tilsette. Kwart skulebesøk vert oppsummert av sekretariatet og syner kva ein har drøfta, kva resultat ein kom fram til og eventuelt kva betringstiltak ein vart samde om. Oppsummeringa vert sendt til fagskulen.

Skulebesøket skal danne grunnlag for ei tiltaksplan til styret som skal dokumentere korleis fagskulen følgjer opp kvalitetsbrest og betrar kvaliteten på utdanningstilboda ved Fagskolen i Hordaland. Tiltaksplanen til styret skal også omtale dei overordna og lokale måla som er sett av styret for inneverande år. Desse måla er utarbeidd med bakgrunn i aktuell kvantitativ informasjon for Fagskolen i Hordaland. Måla vert årleg justert/endra eller vidareført i samband med tiltaksplanen som vert lagt fram for styret med bakgrunn i funn i kvalitetsmeldinga og ved skulebesøket.

Til:

Arbeidet med kvalitetssikring skal vere eit verktøy for kvalitetsutvikling ved fagskulen. Styret v/leiar og sekretariatet skal derfor ha minst eitt møte med fagskulen kort tid etter at kvalitetsmeldinga er handsama i styret. På skulebesøket vil oppfølging av fagskulen si kvalitetsmelding stå i fokus. Møtet skal som hovudregel finne stad på fagskulen. Målsetjinga med skulebesøket er:

- å styrke kvaliteten på fagskuleutdanningane gjennom tett dialog og samarbeid mellom styret og fagskulen
- støtte fagskulen i arbeidet med kvalitetssikring av fagskuleutdanningane ved fagskulen
- gi styret informasjon og kunnskap om kvaliteten på fagskuleutdanningane ved fagskulen

Styret v/sekretariatet har ansvar for å organisere skulebesøket. Skulebesøket skal vere førebudd og avtalt med omsyn til tidspunkt, kven som skal delta og kva som skal vere innhaldet (tema/område). På skulebesøket ønskjer styret og sekretariatet å treffe leiinga ved skulen samt representantar for studentar og tilsette. Kwart skulebesøk vert oppsummert av sekretariatet og syner kva ein har drøfta, kva resultat ein kom fram til og eventuelt kva betringstiltak ein vart samde om. Oppsummeringa vert sendt til fagskulen.

Fagskulen skal vidare utarbeide ein mål- og tiltaksplan, og skulebesøket skal danne grunnlag for denne. Mål- og tiltaksplan skal dokumentere korleis fagskulen følgjer opp kvalitetsbrest og betrar kvaliteten på utdanningstilboda. Mål og tiltak skal vere utarbeidd med bakgrunn i aktuell kvantitativ informasjon for Fagskolen i Hordaland. Mål- og tiltaksplan skal også omtale dei overordna måla som er sett av styret i samband med strategiplanen for fagskulen slik at fagskulen sin progresjon i samband med dei overordna strategiske måla kjem fram. Mål- og tiltaksplan må såleis også sjåast i samanheng med fagskulen sin strategi.

Mål og tiltak vert årleg justert/endra eller vidareført i samband med mål- og tiltaksplan som vert lagt fram for styret med bakgrunn i funn i kvalitetsmeldinga og frå skulebesøket.

Punkt 5

Punkt 5 vert føreslått endra frå:

Lokal tilpassing av Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland

Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland med vedlegg er å rekne som ein overordna omtale av kvalitetssikringsarbeidet til hovudaktørane i organisasjonen (styre, sekretariat, skuleleiing etc.). Ved Fagskolen i Hordaland skal dette systemet kombinerast med kvalitetssystemet som ivaretek krava i STCW-konvensjonen. Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland representerer soleis eit minstekrav for kva fagskulen skal gjere. Det daglege ansvaret for kvalitetssikring ligg hjå leiinga og undervisningspersonalet ved fagskulen, og dei har sjølv ansvar for å etablere eit kvalitetssikringssystem ved skulen basert på den overordna omtalen, og som viser korleis systemet vert nytta lokalt, t.d. knytt til studieplanrevisjon og planlegging av nytt

undervisningsår. Aktivitetar og ansvar knytt til kvalitetssikringsarbeidet ved skulen skal definerast i eit årshjul.

Høve til lokal tilpassing knytt til informasjonstilfang er omtalt tidlegare, men kan oppsummerast slik: **Kvalitetsindikatorar:** Fagskulen må sjølv definere kritiske verdiar for dei omtalte kvalitetsindikatorane, og desse kan supplerast med fleire dersom skulen finn det føremålstenleg.

Spørjeskjema: Det er ikkje høve til å ta vekk spørsmål eller å endre på svaralternativa med mindre spørsmålet ikkje er aktuelt for utdanninga. Omgrep som t.d. namn på emne, eller hovudprosjekt/fordjuping kan endrast. Skulen kan leggje til eigne spørsmål om ønskjeleg.

Til::

Relasjon til andre prosedyrar og rutinar

Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland med vedlegg er å rekne som ein overordna omtale av kvalitetssikringsarbeidet til hovudaktørane i organisasjonen (styret, sekretariat, skuleleiing etc.). Ved dei maritime fagskuleutdanningane er det knytt eigne krav til kvalitetssikring, og som nemnt innleiingsvis nyttar fagskulen EK-web som dokumenthandterings- og avvikssystem. Denne systemomtalen (Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland) refererer såleis ikkje til alle dei prosedyrar og rutinar som ligg i EK-web, men er å rekne som fagskulen sitt øvste og overordna kvalitetssikringssystem.

Kvalitetssikringssystem for Fagskolen i Hordaland representerer såleis eit minstekrav for kva fagskulen skal gjere. Det daglege ansvaret for kvalitetssikring ligg hjå leiinga og undervisningspersonalet ved fagskulen som sjølv har ansvar for å organisere kvalitetssikringsarbeidet ved skulen basert på den overordna omtalen.

Opphavelig punkt 5 var relevant då det var meir enn éin fagskule, og det vil vere meir føremålstenleg å omtale kvalitetssystemet sin relasjon til andre prosedyrar og rutinar, spesielt i høve til EK-web.

Heilt til slutt i kvalitetssystemet er ny rutine for å utvikle nye utdanningar og gjere vesentleg endringar i eksisterande utdanningar lagt til. Rutinen er som følgjer:

Rutine

RUTINE FOR Å UTVIKLE NY FAGSKULEUTDANNING UNDER AKKREDITERT FAGOMRÅDE

Ramme

Denne rutinen skal nyttast ved utvikling og etablering av ny fagskuleutdanning eller ved vesentleg endring av eksisterande utdanning innanfor akkreditert fagområde.

Alle utdanningar ved Fagskolen i Hordaland skal vere forankra i skulen sin strategiplan og arbeidslivet sitt behov. Vidare skal utdanningane vere yrkesretta og bygge på fullført vidaregåande utdanning eller tilsvarende realkompetanse. Læringsutbytteomtalane i studieplanane skal følgje nivå 5.1 og 5.2 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Utdanningane skal kunne verte tilbydd på heiltid, deltid og som nettbasert studie med samlingar.

Avdelingsleiar innan aktuelt fagområde er ansvarleg for prosjektgruppa og for at rutinen vert følgd.

Arbeidsmetode

Utvikling av ny utdanning, eller vesentleg endring av allereie godkjent utdanning, skal gjennomførast i ei prosjektgruppe. Prosjektgruppa skal sørge for dokumentasjon, arkivering og riktig sakshandsaming i tråd med denne rutinen, gjeldande lover og forskrifter.


Krav til dokumentasjon

For at styret skal kunne fatte vedtak må følgjande verte dokumentert og belyst:

- Arbeidslivet sitt behov og arbeidsmarknaden
- Finansiering av utviklinga og start av utdanninga
- Tilgang på kvalifiserte lærarar
- Rekrutteringsgrunnlaget av studentar

Utviklingsprosess

Utvikling av ny utdanning eller vesentleg endring av eksisterande utdanning vert gjort etter følgjande prosess:



FASE 1. INNMELDT BEHOV

Følgjande interessantar kan ta initiativ til å utvikle ei ny utdanning eller gjere vesentleg endring av eksisterande utdanning:

- Arbeids- og næringsliv
- Styret for fagskulen
- Skuleeigar
- Offentlege myndigheiter
- Fagråd
- Fagmiljøet ved fagskulen
- Leiinga ved skulen

Vesentleg endring av eksisterande utdanning kan også verte meldt på bakgrunn av funn i fagskulen si årlege kvalitetsmelding.

Ved innmeldt behov tek rektor avgjerd om skulen skal gå vidare med å sette ned ei prosjektgruppe som skal vurdere og utarbeide ein rapport med tilråding av eventuell vidare utvikling av utdanning.

Prosjektgruppa skal bestå av:

- Leiar (avdelingsleiar for fagområdet)
- Faglærarar
- Representantar frå yrkesfeltet
- Student/ar

Arbeidet i prosjektgruppa i fase 1

Prosjektgruppa skal utarbeide ein rapport som omhandlar tema og vurderingar som omtalt under. Vidare skal prosjektgruppa konkludere og gje ei tilråding om utvikling og etablering av utdanning som rektor vil leggje fram for styret.

Om kompetansen og utdanninga

- Kva kompetanse er det utdanninga skal gje?
- Kva omfang vil utdanninga ha (30, 60, 120 studiepoeng eller meir)?
 - Ved utdanningar på mellom 120 og 180 studiepoeng må det sendast særskilt søknad til departementet jf. fagskulelova. Prosjektgruppa må dokumentere at det er spesielle sertifiseringskrav ol. som gjer at det er naudsynt med ei utdanning med eit større omfang enn 120 studiepoeng.
- Korleis passar utdanninga med fagskulen sin strategiplan?

Behovet i marknaden og berekraft

- Arbeidslivet sitt behov og etterspurnad vert kartlagt gjennom ei spørjeundersøking blant relevante verksemder og bransjeorganisasjonar innanfor fagområdet. Prosjektgruppa er ansvarleg for å utvikle eit spørjeskjema som sikrar naudsynt informasjon frå respondentane.
- Behovet skal vurderast både i høve til kort og lang sikt.
- Prosjektgruppa skal også vurdere uvisse for behovet på lang sikt.

Arbeidsplassar etter utdanning

- Gir utdanninga kompetanse som kan takast bruk i arbeidslivet utan ytterlegare opplæringstiltak?
- Er det yrkestillar eller liknande som er beskytta i høve til ny studieplan?
- Er det knytt sertifikatkrav til utdanninga?
- Er samfunnsutviklinga slik at det er forventat at det er eit behov for utdanninga i framtida?
- Kor stor del av studentane ser ein føre seg vil vere i relevant arbeid innan tre månader etter fullført utdanning?

Finansiering

- Kva er forventa kostnad for gjennomføring av eit utdanningsløp ved dette studiet?
- Korleis kan utdanninga finansierast? Til dømes offentlig tilskot, studentbetaling utan offentlig tilskot eller anna. Prosjektgruppa må gjere ei berekning basert på val av finansiering.
- Budsjett for etableringsfasen og driftsfasen.
- Vil utdanninga gje:
 - Inntekter?
 - Kostnader knytt til investeringar?

Naudsynt kompetanse innan fagfeltet

- Prosjektgruppa må vurdere om fagskulen har, eller kan skaffe, naudsynt kompetanse til å dekke behovet som utdanninga vil ha, både på kort og lang sikt.

FASE 2. AVGJERD I STYRET OM UTVIKLING

Basert på innstilling frå rektor og prosjektgruppa sin rapport avgjer styret om det skal verte utarbeidd ny studieplan eller gjerast vesentleg endring av eksisterande studieplan.

FASE 3. UTARBEIDE STUDIEPLAN

Prosjektgruppa etablerer ei fagleg og pedagogisk arbeidsgruppe som skal utarbeide studieplan.

Arbeidsgruppa skal bestå av:

- Avdelingsleiar
- Ein eller fleire fagpersonar innan fordjupingsområdet
- Ein representant frå yrkesfeltet/verksemd eller bransjeorganisasjon
- Ein student

Arbeidsgruppa kan ved behov få opplæring av administrasjonen i høve til studieplansarbeid.

Mandat for arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa skal utarbeide studieplanen etter krava i fagskulelova med forskrifter, NOKUT sine rettleiingar og Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Dersom utdanninga er regulert av nasjonale eller internasjonale standardar, konvensjonar og avtalar, skal krava til desse vere tilfredsstillt.

Studieplanen skal innehalde:

- Namn på utdanninga
- Opptakskrav
- Omfang (studiepoeng) og forventa arbeidsmengde for utdanninga i sin heilheit og for kvart emne
- Oppbygging og organisering av utdanninga
- Læringsutbyttebeskrivingar og fagleg innhald for utdanninga i sin heilheit
- Læringsutbyttebeskrivingar og fagleg innhald for kvart emne, inkludert eventuell praksis
- Omtale av den indre samanhengen i utdanninga
- Undervisningsformer og læringsaktivitetar
- Arbeidskrav og vurderingsordningar
- Litteraturliste/læremidlar

FASE 4. SAKKUNNIG VURDERING

Fagskulen sin sakkunnige komité gjer den avsluttande formelle, pedagogiske og faglege godkjenninga av studieplanen og premissane for oppretting av studiet. Revisjonen vert samanfatta i ein intern rapport der arbeidet vert dokumentert.

Sakkunnig komité er sett saman av:

- Fagskulen sin administrative NOKUT-koordinator
- KS-medarbeidar
- To eksterne faglege sakkunnige innanfor fagfeltet (vert oppnemnt frå sak til sak)
- Fagskulen sin koordinator for nettstudium (berre dersom tilbodet skal vere nettbasert)

Mandat for sakkunnig komité

Den sakkunnige komitéen skal:

- Kontrollere at prosjektgruppa sin innleiande rapport er grundig og i samsvar med denne rutinen.
- Kontrollere at studieplanen oppfyller krava til form og innhald. Spesielt i høve til læringsutbyttebeskrivingar og nivå i NKR, arbeidsbelastning, pedagogisk opplegg, vurdering og eksamen.
- Kontrollere at studieplan følgjer aktuelt lov og regelverk.
- Kontroll av studentane sine arbeidstilhøve, informasjon og velferd.
- Kontroll av lærarkompetansen og tilgang til fagressursar.
- Dersom utdanninga skal gjennomførast på ein annan studiestad enn ved hovudadministrasjonen (Nordnes), skal komiteen sikre at studiestaden oppfyller krava til infrastruktur ved fagskulen.

Om den sakkunnige komiteen ikkje godkjenner studieplanen, vert den sendt tilbake til prosjektgruppa saman med ein rapport om manglar og feil. Prosjektgruppa og arbeidsgruppa må gjere naudsynte endringar for at den sakkunnige komiteen kan handsame saka vidare.

FASE 5. INNSTILLING OM GODKJENNING OG OPPRETTING

På bakgrunn av rapport om godkjenning frå sakkunnig vurdering førebur rektor innstilling til styret for fagskulen med vedtak om endeleg godkjenning og oppretting. Rektor si innstilling må innehalde plan for finansiering og oppretting av studiet.

FASE 6. ENDELEG VEDTAK I STYRET OM GODKJENNING

Styret for Fagskolen i Hordaland er ansvarleg for kvaliteten i utdanninga og gjer endeleg vedtak om godkjenning etter innstilling frå rektor som omtalt i fase 5. Styret gjer endeleg vedtak om start av utdanninga i samband med årleg sak om tilbodsstruktur, om ikkje anna vert bestemt av styret.